



- eit fyrstårn i vest

Overordna beredskapsplan Øygarden kommune

Administrativ del



WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Innhold

Samfunnstryggleik og beredskapsplikta til kommunen.	4
Innleiing	4
Kva er ei krise?.....	4
Kommunen sitt ansvar og oppgåver	5
Oppgåver for kommunen i krise.....	5
Rolleforståing/avgrensingar	6
Heilskapleg Risiko og sårbarheitsanalyse	6
Overordna beredskapsplan	7
Administrativ del	7
Operativ del.....	8
Temaspesifikke beredskapsplanar	8
Utvalde temaspesifikke beredskapsplanar Øygarden kommune har	8
Prinsipp og prioriteringar	9
Nasjonale beredskapsprinsippar	9
Ansvarsprinsippet.....	9
Likskapsprinsippet	9
Nærleiksprinsippet	9
Samvirkeprinsippet.....	9
Beredskapsverdiane	9
Liv og helse	9
Miljø.....	9
Materielle verdiar	10
Omdømme	10
Formål og verkeområde	10
Strategiar	10
Suksesskriteria.....	10
Verkeområdet til planen	11
Beredskapsfullmakta/krisefullmakta.....	11
Tilgjengelegheit	11
Rolla til Statsforvaltaren	11
Proaktiv stabsmetodikk	11
Fokus.....	12
Tiltak	12
Statusmøte	12

Førstemøte	12
Beredskapsnivå.....	12
Gult beredskap – Nivå 1	13
Oransje beredskap - Nivå 2	13
Raud beredskap – Nivå 3.....	13
Beredskapsorganisasjonen.....	13
Organisering av beredskapsleiing.....	13
Visuell framstilling av hierarkisk nivå for krisehandtering	14
Strategisk nivå – beredskapsleiinga	14
Operasjonelt nivå	14
Taktisk nivå	14
Generalstabsmodellen	14
Organisasjonskart kommunal kriseleiing	15
Stillingar/funksjonar som inngår i beredskapsleiinga	15
Ordførar	15
<i>K1 -Personell - Kommunalsjef Økonomi og organisasjon.....</i>	15
<i>K2 – Etterretning – Kommunalsjef Oppvekst.....</i>	15
K3 – Operasjon - Beredskapssjef	15
K4 – Logistikk – Kommunalsjef Kultur og samfunn	16
K5 – Informasjon - Informasjonsrådgjevar	16
<i>K6 – EPS (Evakuert og pårørende senter) – Kommunalsjef Helse og velferd.....</i>	16
<i>K7 – fagressursar som er kalla inn for den aktuelle hendinga</i>	16
Støttepersonell.....	16
Ressursar for beredskapsleiinga.....	17
Beredskapsrom.....	17
Kommunikasjon og samband	17
Ved bortfall av telenett:	17
Ved bortfall av internett:.....	18
Befolkningsvarsel.....	18
Kartressursar	18
Krisestøtteverktøy, DSB- CIM	18
Straumforsyning	18
Mobilisering og innkalling av beredskapsleiinga.....	18
Rapportering.....	19
Beredskapsråd.....	19

Strategiske funksjonskort.....	20
Om funksjonskort	20
Kompetanse og opplæring	20
Øvingar	21
Evaluering.....	21

Samfunnstryggleik og beredskapsplikta til kommunen.

Innleiing

Øygarden kommune har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta vare på tryggleiken til befolkninga. Dette krev at vi arbeider systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleiksarbeidet på tvers av sektorane i kommunen. Kommunen skal også vera ein pådrivar overfor relevante aktørar innanfor vårt geografiske område og i regionen. For å klara å oppfylle oppgåva må kommunen samarbeida, forhalda seg til og koordinera arbeid med ulike aktørar, utføra risiko og sårbarheitsanalysar, ha beredskapsplanverk og øva på desse. Overordna beredskapsplan er samansett av administrativ del og operativ del. Administrativ del er offentleg tilgjengeleg og publisert på nettsida til kommunen. Operativ del av beredskapsplanverket er unnateke offentlegheit med heimel i offentlegheitslova §24.

Planen er eit hjelpemiddel ved ulukker og andre påkjenningar som går utover det som vert rekna som normalrisiko eller som kan handterast innan eigen normaldrift. Planen skal vera ei praktisk handbok og eit operativt verktøy som syner kva som må gjerast når uønskte hendingar skjer, kven som skal utføra kva, korleis det skal utførast og i kva rekkjefølgje. Planen er ikkje absolutt, og ved bruk skal ein alltid vurdera den aktuelle situasjonen og tilpassa tiltaka deretter.

Planen er utarbeidd i medhald av lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven) § 14 og 15 og forskrift om kommunal beredskap samt den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen til kommunen.


Kva er ei krise?

Denne planen baserer seg på følgjande definisjon av krise:

Ei ulykke eller anna påkjenning som går ut over det som kan reknast som normal risiko og normal belastning, og som krev ei akutt handling. Med krise forstås ein i denne samanheng ein situasjon der den ordinære organiseringa til og ordinære fullmaktstilhøve ikkje er i stand til å handtera situasjonen. Eit vesentleg prinsipp for all krisebehandling er likevel at ein i størst mogleg grad nyttar den etablerte organisasjonen og dei eksisterande ressursane til å løysa oppgåvene.

Hovudregelen er at kriser og kritiske situasjonar skal løysast på lågast mogleg nivå i organisasjonen og at den som har det daglege ansvaret i organisasjonen også skal handtera det i kritiske situasjonar. Alle einingar i kommunen skal difor ha eigne beredskapsplanar for å kunna løysa dei situasjonane som oppstår i eininga, og kunna støtta andre einingar når ein blir invitert til det. I einingsplanane skal der vera rutine for varsling til overordna nivå.

Kommunen sitt ansvar og oppgåver



Det primære ansvaret for kommunen er å oppretthalda det ordinære kommunale tenestetilbodet også i ekstraordinære situasjonar og krisar, og då med hovudvekt på dei lovpålagde oppgåvene. I tillegg skal kommunen kunne ta hand om dei hendingane og krisesituasjonane som rammar eigen organisasjon, samt kunna ta del i handsaminga av krisar som rammar innbyggjarane og/eller skjer innanfor grensene til kommunen. Utover dette vil kommunen på førespurnad kunna yta støtte til andre aktørar i den grad det er naturleg.

Oppgåver for kommunen i krise

Den kommunale kriseleiinga (KKL) kan mellom anna få følgjande oppgåver:

- Innhenta opplysningar og vurderer situasjonen i kommunen.
- Setja i verk tiltak for å hindra skader på personar og materielle verdiar.
- Prioritera bruken av ressursane til kommunen.
- Halda kontakt med skadestadsleiinga ev. lokal redningsteneste
- Utarbeida og senda ut informasjon til tilsette, innbyggjarar, resten av publikum og media.
- Yte hjelp ved evakuering og etablera tilgjengelege evakueringslokale.
- Innkvartera og forpleia forulukka og hjelpemannskap.
- Syta for at personar som har vore utsette for store påkjenningar, får nødvendig hjelp og oppfølging, t.d. ved bruk av psykososialt kriseteam.
- Sikra vass- og straumforsyning.

- Syta for utbetring av skadar på bygg og anlegg.
- Gjennomføra rasjonerings- og reguleringsiltak.
- Rydda skadestad og yta innsats for å ta vare på miljøet.
- Gjennomføra førebyggjande tiltak for å verna eiga verksemd.
- Gje rapport om situasjonen i kommunen til Statsforvaltar.
- Ikkje uttømmmande liste

Desse oppgåvene vert løyste ved at kvar einskild medlem har ansvar for, åleine eller saman med andre, å løysa gjeremål knytt til eige fagfelt og rapportera vidare til kriseleiar

Rolleforståing/avgrensingar

Det er viktig å skilja mellom den organiserte redningstenesta og kommunale oppgaver i ein krisesituasjon.

- Ved ulukker og katastrofar der **liv og helse** er i fare, er det den organiserte redningstenesta som er ansvarleg for redningsarbeidet.
- Ved ulukker og katastrofar med fare for skade på materielle verdiar, er det kommunen som må ta initiativ for å sikra og berga desse.

Uansett vil det i alle redningsaksjonar vera avgjerande at det er eit godt samarbeid mellom kommunen og redningstenesta. Slik vert ressursane utnytta på best mogleg måte i teneste for samfunnet.


Heilskapleg Risiko og sårbarheitsanalyse

I sivilbeskyttelsesloven §14 vert kommunen pålagt å gjennomføra heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for å kartleggja, systematisera og vurdere sannsynet for uønskte hendingar som kan inntreffa i kommunen og korleis dette kan bidra til å redusera risikoen knytt til scenarioet.

Heilskapleg ROS skal reviderast kvart 4. år og vedtakast av kommunestyret. Beredskapsleiar/beredskapskoordinator leiar arbeidet.

Utført ROS gjev eit risikobilete som dannar grunnlag for utarbeiding av overordna beredskapsplan.

Det er utarbeidd ein heilskapleg ROS-analyse for nye Øygarden kommune, vedteken i tre kommunestyre og fellesnemnda i desember 2018. ROS-analysen skal vera eit avgjerdsgrunnlag for kommunen sitt arbeid med å redusera risikoen i kommunen. Analysen skal leggest til grunn ved arbeidet med kommunal planstrategi og kommunen sitt beredskapsplanverk, slik det går fram av figuren under:




ROS-analysen identifiserte 35 scenario der 13 av desse vart klassifiserte som høg (raud) risiko

Som oppfølging av ROS-analysen skal det utarbeidast ein handlingsplan med tiltak for å redusera sannsynet (førebyggjande) og/eller konsekvens (skadereduserande) ved uønskte hendingar. Grunnlaget for ein slik handlingsplan er dei føreslåtte tiltaka i ROS-analysen.

Overordna beredskapsplan

Den overordna beredskapsplanen er delt inn i ein administrativ del og ein operativ del.



Administrativ del

Den overordna beredskapsplanen til kommunen - administrativ del er å forstå som kommunedirektøren sine retningslinjer. Kommunedirektøren forventar at desse vert lagde til grunn for ulike beredskapsplanar ved tenesteområda og einingane

Den administrative delen av beredskapsplanen inneheld plan for kriseleiinga i kommunen. Inkludert organiseringa av kriseleiinga, rolle og ansvarsskildring og fullmakter.

Operativ del

Den operative del av beredskapsplan skildrar korleis uønskte hendingar skal handterast i Øygarden kommune. Planane er bygd opp slik at dei kan nyttast som hjelpemidlar i alle beredskapsfasar.

- Varsling
- Mobilisering
- Handtering
- Demobilisering
- Normalisering

Planen skal også innehalda:

- Varslingsliste
- Ressursoversikt
- Samordna oversikt over andre beredskaps og kriseplanar
- Ikkje uttømmende liste

Temaspesifikke beredskapsplanar kan utarbeidast på alle nivå.

Temaspesifikke beredskapsplanar

Det er to hovudgrupper av temaspesifikke operative beredskapsplanar. Planar som det er lovpålagt å utarbeida i medhald til lov om kommunal beredskapsplikt

- Evakueringsplan
- Krisekommunikasjonsplan

I tillegg kjem temaspesifikke beredskapsplanar som vert utarbeidde i medhald av anna lovgjeving eller fordi det har oppstått eit behov for planane.

Utvalde temaspesifikke beredskapsplanar Øygarden kommune har

- Smittevernplan
- Pandemiplan
- Plan for atomberedskap
- Plan for oppretting av evakuerings- og pårørandesenter
- Ikkje uttømmende liste

Prinsipp og prioriteringar

Nasjonale beredskapsprinsippar

Samfunnstryggleiksarbeidet i Norge baserer seg på prinsippa om likskap, nærleik, ansvar og samvirke. Prinsippa skal tydeleggjera at samfunnstryggleiksaktørane har eit ansvar for å utvikla robuste samfunnsfunksjonar, ha beredskap og samarbeide med andre for å handtera og normalisera situasjonen. Også kommunal beredskapsplikt byggjer på desse prinsippa.

Ansvarsprinsippet

Den som har ansvar for eit område i normalsituasjonen har også ansvar i kriser. Dette ansvaret omfattar også å planleggja korleis funksjonar innan eige ansvarsområde kan vidareførast dersom det oppstår ein krisesituasjon.

Likskapsprinsippet

Ved handtering av ei uønskt hending skal organiseringa til kommunen vera mest mogleg lik den ordinære organisasjonen. Erfaring og kunnskap om organisasjonen som vert opparbeidd gjennom det daglege arbeidet er eit godt utgangspunkt for effektiv krisehandtering

Nærleiksprinsippet

Ei uønskt hending skal handterast på lågast mogleg nivå, for eksempel på skadestaden, i kommunen eller verksemda som er råka. Den som er nærast krisen, har dei beste føresetnadane til å forstå situasjonen og er best eigna til å handtera situasjonen.

Samvirkeprinsippet

Alle samfunnstryggleiksaktørar har eit sjølvstendig ansvar for å sikra best mogleg samarbeid med relevante aktørar og verksemder, både når det gjeld førebygging, beredskap og krisehandtering.

Beredskapsverdiane

Alt beredskapsarbeid er knytt til desse verdiane, i prioritert rekkefølge:

1. Liv og helse
2. Miljø
3. Materielle verdiar
4. Omdømme

Liv og helse

Liv og helse er alltid førsteprioritet. Vidare skal kommunen så langt det er mogleg, ta i vare dei psykososiale behova til dei som er råka, og gje dette like høg prioritet anten då eller like etter beredskapssituasjonen.

Miljø

Etter vern av menneskeliv skal vi prioritere vern av det ytre miljø. Med det ytre miljø meinast i denne samanheng alle uerstattelige verdiar inkludert arkivmateriale

Materielle verdier

Med økonomiske verdier meinast både materielle og immaterielle verdier som kan erstattast og tenesteproduksjonen i kommunen.

Omdømme

Å ta vare på omdømet til Øygarden kommune i ein beredskapssituasjon vil i stor grad avhenga av korleis kommunen klarer å ta i vare beredskapsverdiene, og samstundes korleis vi evnar å formidla handteringa av beredskapssituasjonen til media og andre interessentar.

Formål og verkeområde

Det overordna målet for kommunal kriseleiing er at *Øygarden kommune skal vera ein trygg kommune å bu, leva, opphalda seg - og arbeida i.*

Formålet i samfunnstryggleiks og beredskapsarbeidet i kommunen vert å redusera risiko for at krisar oppstår og syta for at krisar som likevel oppstår, vert handtert på best mogleg måte.

Strategiar

- Alle bidreg til samfunnstryggleik og beredskap ved å:
 - Definerer dette arbeidet innanfor primæroppgåvene sine
 - Bidra til å utvikla ein god tryggleikskultur og rapportera om uønskte hendingar og avvik med det formålet om å forbetra tryggleik og beredskap.
 - Alle nivå i kommunen søker aktivt for å avdekkja risiko, skildra risiko som er akseptabel og setja i verk risikoreduserande tiltak der risikoen er uakseptabel
 - At uønskte hendingar/situasjonar skal løysast på lågast mogleg nivå
 - Er øvd i å handtera krisar på ein slik måte at konsekvensane ved ei uønskt hending vert minst mogleg
 - Vurderer tryggleik og beredskap i alt utviklingsarbeid
- Dele kunnskap og erfaring på tvers i organisasjonen og med relevante aktørar ved å:
 - Samhandla med andre
 - Lytta og ta i mot råd
- I krisesituasjonar skal kommunen raskt kunna etablere kommunal kriseleiing (KKL) og at KKL med bakgrunn i godt planverk, gode hjelpemiddel og god trening, kan gjera dei rette vurderingane og setja i verk nødvendige krisereduserande tiltak.

Suksesskriteria

For å lukkast i å nå denne målsetjinga er det ein føresetnad at:

- Planverket til ei kvar tid er oppdatert.
- Aktørane i planen er øvde i å bruka han og dermed godt førebudde.
- Både kommunen som organisasjon så vel som den einskilde aktør i den kommunale organisasjonen til ei kvar tid til fulle forstår kva rolle ein har.
- Det er tilstrekkeleg fokus på samhandling og informasjonsflyt.

Verkeområdet til planen

Planen gjeld i heile Øygarden kommune sitt geografiske område. I tillegg kan planen på oppmoding frå Statsforvaltar setjast i verk ved kriser i til dømes andre kommunar. Når Statsforvaltaren har gjort gjeldande sitt beredskapsmessige samordningsansvar, skal iverksetjing av planen tilpassast dei krava som Statsforvaltaren stiller.

Planen gjeld for alle dei som oppheld seg i kommunen, og kan få verknad for hendingar utanfor kommunen når innbyggjarar eller drifta til kommunen vert råka.

Beredskapsfullmakta/krisefullmakta

Krisefullmakter er gitt til kriseleiar frå kommunestyret i sak 049/19, 19. desember 2019 for å kunne ta hand om det som skal gjerast i innleiingsfasen av ei krise.

Kommunestyret gjev kommunal kriseleiar alle fullmakter til raskt å setje i verk relevanteskadereuserande tiltak i ein krisesituasjon, eller når krise truar. Øygarden kommune har som mål at så snart det er forsvarleg skal ansvaret overført til normal drift, om mogleg innan 72 timar

Tilgjengelegheit

Beredskapsplanen skal lagrast elektronisk i kvalitetssystemet til Øygarden kommune, i DSB-CIM og i papirformat på beredskapsrommet slik at han er lett tilgjengeleg for kriseleiinga. Den administrative delen av beredskapsplan skal i tillegg offentleggjerast på intranett og heimesida til kommunen.

Rolla til Statsforvaltaren

Ved større katastrofar og krisar er ofte fleire instansar involverte i krisehandteringa. I slike situasjonar kan Statsforvaltaren samordna innsatsen.

Ved krig har Statsforvaltaren mynde til å ta i vare viktige samfunnsinteresser dersom kommunikasjon med regjeringa vert avskoren.


Statsforvaltaren skal følgja opp at kommunen tek i vare føresegna om kommunal beredskapsplikt. Dette kan gjerast mellom anna gjennom tilsyn.

Proaktiv stabsmetodikk

For at oppgåvene skal kunna løysast effektivt og i rett tid, utan å gleppa på vesentlege aspekt i ein krisesituasjon, er det avgjerande at KKL arbeider etter ein metodikk som er øvd og kjende for alle i kriseleiinga. KKL i Øygarden skal arbeida etter metodikk for proaktiv stabsleiing.

Proaktiv stabsleiing er å vera i forkant, identifisera tiltak som kan styra utviklinga i ei ønskt retning og kunna setja i verk tiltak før situasjonen tvingar fram handling. Ein skal vera førebudd på å takla det verste (Worst case scenario). Det er lettare å skalera ned innsatsen dersom ein ser at hendinga er mindre omfattande, enn å vera i etterkant

Fasar i proaktiv metode



Fokus

Kriseleiar avgjer kva som skal vera fokus i neste møte når ein har fått meir informasjon. Dersom det er fare for liv og helse, skal alt rettast inn mot å redde liv og unngå personskade. Rutinane er dei same uansett kva som er fokus.

Tiltak

Alle i kriseleiinga har si rolle og sine førehandsdefinerte oppgåver. I det første møtet vert det avgjort kva tiltak som er nødvendige for den aktuelle hendinga. Dersom ein har førehandsdefinerte tiltakskort, skal desse nyttast.

Statusmøte

Kriseleiar kallar inn etter kvart som ein får oversikt over situasjonen eller når det skjer noko uføresett.

- Endre fokusområde?
- Endre retning?
- Intervall for statusmøte?
- Følg syklusen til situasjonen er normalisert – normalisering er like viktig som etablering

Førstemøte

Situasjonsbiletet klarlagt og ein set fokus.

Beredskapsnivå

Som ei rettesnor har Øygarden kommune delt krise- og beredskapstiltak i 3 nivå etter kor alvorleg hendinga er, og/eller kor alvorlege følgjer situasjonen kan få. Desse nivåa er:

Gult beredskap – Nivå 1

Potensielt avgrensa konsekvens for kommunen / kommunal tenesteproduksjon / lokalsamfunnet. Potensialet vedkjem ein avgrensa del av kommunen og den kommunale tenesteproduksjonen. Kommunen sitt omdømme vil ikkje bli utfordra, verken administrativt eller politisk. Berre ein avgrensa del av lokalsamfunnet kan verta råka, og samfunnet elles vil halda fram å fungera upåverka. Hendinga har inga vesentleg interesse utanfor kommunen sin organisasjon. Situasjonen krev auka merksemd.

Oransje beredskap - Nivå 2

Potensialet er betydeleg konsekvens for kommunen/lokal eller regional tenesteproduksjon/lokalsamfunnet. Potensialet vedkjem ein betydeleg del eller fleire delar av kommunen og den kommunale og/eller den regionale tenesteproduksjonen. Omdømet til kommunen kan verta utfordra, både administrativ og politisk. Ein vesentleg del av lokalsamfunnet kan vera råka, og samfunnet kan verta påverka slik at fleire verksemdar må ta del i handteringa. Ein må forventa at hendinga vil få interesse utanfor kommunen sin organisasjon. Kommunen må forhalda seg aktivt til eksterne styresmakter, verksemdar og interessentar. Situasjonen må handterast med utvida innsats eller ekstraordinære ressursar og tiltak.

Raud beredskap – Nivå 3

Potensialet er betydelege nasjonale konsekvensar, og/eller lokal/regional politisk krise.. Kommunen sitt omdømme kan verta utfordra, både administrativt og politisk. Det kan oppstå ei lokal og/eller regional politisk krise. Det må forventast at konsekvensane av hendinga verkar inn på samfunnet og regionen på ein slik måte at det oppstår nasjonal interesse. Kommunen må forhalda seg aktivt til regionale/nasjonale styresmakter, verksemdar og interessentar. Det er eit stort behov for ekstraordinære ressursar og tiltak.

Beredskapsorganisasjonen

Organisering av beredskapsleiing

Øygarden kommune er organisert som ein to-nivå kommune der delegasjon knytt til fag-, personal- og økonomi er lagt til einingsleiar (nivå 2). Val av organisasjonsmodell er gjort ut frå prinsippet om at mynde skal liggja nærast mogleg brukaren.

Støttefunksjonar er lagt til nivå 2 og skal støtta både kommunedirektørnivå og einingar. Samfunnstryggleik og beredskap er lagt til kommunalsjefsområdet Økonomi og *organisasjon* (stab), avdeling *Tryggleik*.

Den kommunale kriseleiinga (forkorta til KKL) er eit leiingsapparat som kan etablerast i krisesituasjonar og ved andre uønskte hendingar som den ordinære kommuneorganisasjonen ikkje er eigna til å ta hand om. KKL har også utvida fullmakter til å treffa avgjerd for å avverja og/eller avgrensa/utbeta skade når det vert vurdert som nødvendig.

Ein beredskapsorganisasjon er bygd opp hierarkisk med ulike leiingsnivå. Dette er viktig for å ta i vare ein tydeleg ansvars og kommandostruktur i beredskapssituasjonar.

Visuell framstilling av hierarkisk nivå for krisehandtering



Strategisk nivå – beredskapsleiinga

Den politiske og administrative toppleiinga i Øygarden kommune er organisert på det strategiske nivå. Når den strategiske leiinga mobiliserer, reknast det som beredskapsleiinga (kommunal kriseleiing)

Operasjonelt nivå

Operasjonelt nivå er støtteining til strategiske nivå. Operasjonell leiing inneber å planleggja og koordinera innsats for å oppnå måla som er fastsette av den strategiske leiinga. Den skal sikra samanheng mellom det strategiske og taktiske nivået.


Taktisk nivå

Tenestoområde/verksemda som er råka av hendinga eller dei representantar kommunen disponerer på ein ekstern innsatsstad. Leia og koordinera bekjempinga og ivaretakinga på eller nær staden der hendinga har skjedd for å forhindra eller redusera skade på eller tap av menneske, ytre miljø og økonomiske verdjar.

Generalstabsmodellen

Øygarden kommune har vald å leggja ein militær organisasjonsmodell, generalstabsmodellen til grunn for organiseringa av den kommunale kriseleiinga KKL. Dette fordi generalstabsmodellen er ein godt utprøvd modell som har vist seg å fungera i praksis, samstundes som han passar godt til dei oppgåvene som KKL kan verta sett til å løysa. Etter modellen er funksjonane til medlemmane i KKL fordelte på ulike K'ar med ulike predefinerte oppgåver for kvar funksjon.

Organisasjonskart kommunal kriseleing



Stillingar/funksjonar som inngår i beredskapsleinga

Ordfører

Ordfører eller varaordfører er kommunen sitt ansikt utover i ein beredskapssituasjon og deltek på pressekonferansar og formidlar den informasjonen kriseleinga har frigjort. Ordfører skal alltid kallast inn til første møte når krisestab vert sett.

Kriseleiar - kommunedirektør

Kommunedirektøren er den i kommunen som har det øvste administrative leiaransvaret og det koordinerande ansvar for drifta i organisasjonen både i normaldrift og i ein beredskapssituasjon. Det er kommunedirektøren som leiar KKL.

Kommunedirektøren kan vedta mobilisering og demobilisering av organisasjonen.

K1 -Personell - Kommunalsjef Økonomi og organisasjon

Hovudansvar for tilsette, økonomi og administrasjon

K2 – Etterretning – Kommunalsjef Oppvekst

Hovudansvar for å skaffe oppdatert informasjon om situasjonen og halde kriseleinga oppdatert.

K3 – Operasjon - Beredskapssjef

Ansvarleg for planlegging og gjennomføring i tett samarbeid med Kriseleiar.

K4 – Logistikk – Kommunalsjef Kultur og samfunn

Ansvarleg for støtteressursar, deltek i planleggingsarbeidet og samarbeid med K1.

K5 – Informasjon - Informasjonsrådgjevar

Ansvarleg for mediehandsaming og intern informasjon i samarbeid med Ordførar og etterretning.

K6 – EPS (Evakuert og pårørende senter) – Kommunalsjef Helse og velferd

Etablere og drifte evakuert og pårørende senter, etablere pårørende telefon, kople på psykososialt kriseteam.

K7 – fagressursar som er kalla inn for den aktuelle hendinga

Avhengig av type hending, alvorsgrad, kompleksitet og lengde kan krisestaben ved behov og på eige initiativ supplerast med andre interne ressurspersonar. Døme på desse kan vera:

- Smittevernlege
- Rådgjevarkompetanse frå drift, IKT, kart og oppmåling, kommuneadvokat m. fl.

Loggførar - beredskapskoordinator

Alle medlemene i beredskapsleiinga skal ha grunnleggjande opplæring i bruk av DSB-CIM som er kommunen sitt verktøy for krisehandtering. Det forventast at medlemene kan loggføra, tildela oppgåver og gje situasjonsrapportar ved bruk av systemet.

Liaisonar

Ein liaison er eit bindeledd mellom to organisasjonar, der eitt av hovudformåla er å forbetra informasjonsflyten mellom organisasjonane. Tilbod om å gje eller be om ein liaison er oftast knytt til handtering av krisen, men også andre krevjande situasjonar kan iverksetja funksjon som liaison.

Det er ikkje lovkrav eller reglar på denne beredskapsfunksjonen. Kommunen har lagt [DSB rettleiar - Liaisonfunksjonen](#) til grunn for utøving av rolla som liaison frå kommunen.

Det kan vera aktuelt å ta i mot eller gje liaison til mellom anna desse organisasjonane i ein krise:

- Brannsjef Øygarden brann og redning
- Dagleg leiar ØYVAR AS
- Politi
- Prest
- Sivilforsvar
- Heimevernet
- Næringsliv

Ikkje uttømmende liste

Støttepersonell

Stabseiningane er alltid ein støtteressurs inn mot KKL, og vil bidra med mellom anna loggførar, utstyr, naudnettradioar, beredskapskompetanse, kommunikasjon, personelloversikt, Teknisk kompetanse, IKT, kartoperatør, økonomioversikt mfl.

Ressursar for beredskapsleiinga

Noverande kommunar har ingen skriftleg avtale om vaktordning for kommunal kriseleiing, men har ei avtale med Øygarden legevakt om 24/7 vakttelefon der ein kan ringe til oppgitte telefonnummer i tilfelle krise. Dette for å sikre at dei får tak i aktuelle personar utanom normal arbeidstid.

Det oppgitte telefonnummer er satt opp med prioritert ringeliste som lista opp under.

1. Beredskapssjef
2. Beredskapskoordinator
3. Kommunedirektør

Beredskapsrom

Formannskapssalen, 5. etasje i Øygarden rådhus er fast beredskapsrom.

Fast utstyr i beredskapsrommet er:

- Gjeldande beredskapsplan i papirversjon og anna relevant dokumentasjon (nok til alle i KKL)
- Beredskapstavler/monitorar (tavle på hjul/opphengt tavle til første møte er ei tilråding). Fleire manuelle tavler kan vera fornuftig å ha tilgjengeleg som ein back up. Kan eventuelt lagrast i nærleiken.
- TV på hjul for visning av status/loggføring i DSB-CIM
- Kommunikasjonsmiddel som telefoni m.m. Skrivesaker til papir og tavler.
- Det må vera eit skap som skal låsast av for beredskapsutstyr.
- Det skal vera videokonferanseutstyr eller liknande i rommet.
- Møtebord skal ha punkt for lading av pc til alle i KKL eller andre liknande løysningar som er kjappe å ta i bruk for lading.
- Gule refleksvestar påtrykket «kriseleiing» til alle medlemmer i KKL
- Powerbank til å lada opp mobiltelefonar/PC

Kommunikasjon og samband

Alle i KKL har eigen mobiltelefon og rådhuset har naudaggregat som kan drive heile bygget.

Ved bortfall av telenett:

Det er kjøpt inn 5 radioterminalar for samband over naudnettet. Desse kan nyttast til samvirke med andre etatar, frivillige organisasjonar m.m. Dei kan også nyttast til intern kommunikasjon. Dette er eit radiosamband som er kryptert. Bruk av desse må øvast og opplæring gjevast til dei som skal ha ansvar for bruken i KKL. (K2 med erstattar)

Ein av desse er i dag plassert på Øygarden Legevakt. To samband skal berre brukast av KKL, ein på samvirke og ein som lokal arbeidskanal. Desse er lokaliserte i låsbart skap på beredskapsrommet. Øygarden kommune har ein satellittelefon.

Ved bortfall av internett:

Kommunen har kjøpt mobilt trådløst nettverk for KKL. Dette ligg innlåst i skapet/lagerrom på beredskapsrommet saman med brukarretteleing.

Befolkningsvarsel

Kommunane har kjøpt inn felles varslingsystem for befolkningsvarsel - Varsling 24 frå framweb. Ved hjelp av dette systemet kan KKL ha digital kommunikasjon med alle folkeregistrerte innbyggjarane og bedrifter i kommunen.

Bruk av internett og intranett kan nyttast i tillegg for å varsle tilsette og befolkninga. Kommunen kan setja heimesida i beredskapsmodus ved å kontakta informasjonsmedarbeidarar i kommunen. Det er også informasjon som administrerer Facebook-sida og andre aktuelle sosiale medium. Det er KKL som skal styra kva informasjon frå krisa som går ut på dei ulike kommunale kanalane.

Kartressursar

Kriseleiinga vil ha behov for ulike kart ut frå kva oppgåver som må løysast i gitt krise. Det kan vera vêrkart som viser vind, det kan vera kart over hamner i aktuelle område, bustadområde o.l. Til dømes vil vindretning påverka kor brann vil spreia seg og kva område som vert hardest råka, og KKL vil då kunna planleggja krisen framover og eventuelt evakuera rette personar. Tilsette ressursar i kommunen som kan hjelpa til i krise med slike kart, er dei som i dag arbeider med geodata.

I tillegg er det utvikla temakart i kartsystemet til kommunen.

Krisestøtteverktøy, DSB- CIM

Kommunen har krisestøtteverktøyet DSB-CIM som er eit program frå Onevoice. Statsforvaltar i Vestland har fagkompetanse i programmet og kan hjelpe kommunen i opplæring av kriseleiing. Ved all dokumentasjon og rapportering i krise skal dette verktøyet nyttast. DSB-CIM er ei nettbasert løysning der alle i KKL har fått påleggings informasjon.

Stabseining tryggleik har intern kompetanse på systemet, administrerer brukarar og vil gjennomføre/legge opp til opplæring av KKL i systemet.

Straumforsyning

Rådhuset på Straume har naudstraum som slår inn dersom straumen fell bort.

Mobilisering og innkalling av beredskapsleiinga

Beredskapsleiinga kan mobiliserast redusert dersom det openbart ikkje er behov for enkelte av funksjonane, eller den kan mobilisera forsterka med utvalde fagressursar tilpassa omfang og utfordringane som ein står ovanfor.

Alle som har ein funksjon i beredskapsleiinga skal utpeika ein avløyssar som skal koma fram av varslingslista.

I langvarige beredskapssituasjonar er det nødvendig å etablere fleire skift i beredskapsleiinga. Fortrinnsvis vert avløysar nytta til dette. Eit skift bør ikkje overstige åtte timar. Det er viktig med god overlapping mellom skifta.

Beredskapsleiinga har fast oppmøtestad ved mobilisering jf. overordna beredskapsplan - operativ del.

Alle som har ein funksjon i beredskapsleiinga, kan mobilisera KKL. Innkalling skjer normalt ved bruk av mobiltelefon i tråd med varslingslista.

Dersom faste medlemmer av KKL ikkje kan møte innan to timar frå varsel om at KKL er sett, må dei melda frå til erstattar.

Alle roller skal ha erstattar som møter når kriseleiar eller medlem av krisestab ikkje kan møte. Erstattar skal vera den same personen som får ansvar når kommunedirektør eller kommunalsjef har ferie eller av annan grunn er borte frå arbeidet sitt. Kriseleiinga har ansvar for ei organisering som gjer at kommunen til ei kvar tid kan setja krisestab når det skjer ei hending som krev det. Dersom kommunedirektør eller avløysar er fråverande, vert arbeidet leia av K-3

Rapportering

Etter ein krise der KKL har vore etablert og delegerte fullmakter har vore nytta, skal relevant politisk organ snarast råd ha lagt fram rapport om karakteren til krisen og verknader med evaluering av arbeidet i KKL og dei økonomiske følgjende hendinga har hatt for kommunen.

I tillegg skal det etter nærare ordre sendast situasjonsrapportar til Statsforvaltaren. Tilsvarande kan det og sendast rapportar til Statsforvaltaren på eige initiativ dersom det er behov for å informera om situasjonen i kommunen.

Beredskapsråd

Øygarden kommune har etablert eit beredskapsråd med møte to gonger årleg. Beredskapsrådet skal bidra til at kommunen forstår korleis lokalsamfunnet oppfattar kva tryggleik og beredskap er og korleis kommunen løysar ansvaret sitt. Rådet vert informert om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap som planar, øvingar og hendingar. Ut frå dette skal beredskapsrådet gje kommunen råd i beredskapssaker.

Beredskapsrådet er ikkje ein del av krisehandteringa, men ein viktig faktor i kommunen sitt beredskapsarbeid.

Deltakarane i rådet er rekrutterte utanfor kommunen som til dømes politi, heimevern, sivilforsvar, BKK, Raude kors, Den norske kyrkja m. fl. Ordførarar er leiar av rådet og har saman med kommunedirektør mynde til å fastsetja kven som skal delta i beredskapsrådet.

Strategiske funksjonskort

Om funksjonskort

Funksjonskort er rollebaserte sjekklister/tiltakskort utforma for medlemmer av kriseleiinga hjå kommunedirektør og einingsleiarar. Funksjonskort er generiske, det betyr utforma i forlenging av rolla til den enkelte og ansvarsområde og er ikkje tilpassa ulike scenario/uønskte hendingar.

Formålet med funksjonskort er å klargjera beredskapsrollene og her difor følgjande oppbygging:

- Skildring av ansvarsområde
- Tildelt mynde
- Viktigaste arbeidsoppgåver
- Viktige interne ressursar du kan mobilisera og disponera
- Viktigaste eksterne samarbeidspartnaren du bør koordinera med
- Varsling og rapportering
- Avløyser

I kommunen skal alle beredskapsplanar ha funksjonskort basert på denne oppbygginga.

Funksjonskort for kommunens kriseleiing

Inngår i overordna beredskapsplan – operativ del

Hendingsbaserte tiltakskort

Hendingsbasert tiltakskort for kriseleiinga til kommunen framkjem av overordna beredskapsplan – operativ del.

Utval av handlingsbaserte tiltakskort kommunen har lagt inn i DSB-CIM verktøyet;

- Etablering av KKL
- Cyberangrep/Hacking
- Atomhending/utdeling av jod
- Bortfall av straum

Kompetanse og opplæring

Ein beredskapsplan dokumenterer korleis beredskap er organisert og korleis beredskapssituasjonar er forventa handtert. For å klara å etterleva planverket er det krav om at dei personane som har funksjonar omtalt i planverk har nødvendig kompetanse til å ta vare på funksjonen sin.

Det er sett krav til kva kompetanse og opplæring som krevst for i ta i vare funksjonen til den enkelte. Kompetanseplan og matrise er lagt inn i operativ beredskapsplan.

Personane som inngår i beredskapsplanen til kommunen, skal gjennomføra grunnopplæring og delta på vedlikehaldstrening som krevst for å oppretthalda tilfredsstillande ferdigheiter.

Øvingar

Regelmessig trening og øvingar er eit viktig verkemiddel for å auka evna Øygarden kommune har til å handtera uønskte hendingar. Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg kommunen å øva regelmessig. Kommunen skal utarbeida øvingsplan for kvart år og leggja denne inn i årshjulet.

Ved kvar øving skal det utarbeidast klare øvingsmål, som også dannar grunnlag for evaluering av øvinga. Øvinga kan gjennomførast som enkle diskusjonsøvingar, funksjonsøvingar, dreiebok/spel øvingar og fullskalaøving.

Scenario for øvingane vert primært henta frå kommune-ROS. Øygarden kommune skal øva saman med andre kommunar og relevante aktørar der vald scenario og øvingsform gjer dette formålstenleg.

Alle tilsette som vert kalla inn til øving og opplæringsaktivitetar, skal prioritera å møta på desse.

Evaluering

Etter øving eller uønskt hending (krise) skal ein evaluera krisehandteringa. Der evalueringa gjer grunnlag for det, skal det gjennomførast nødvendige endringar i risiko- og sårbarheitsanalysen eller beredskapsplanverket.

Årleg revisjon

Beredskapsplan skal ha årleg gjennomgang, og ved vesentlege endringar. Talbellen under syner revisjonshistorikk til dokumentet. Ansvar for vedlikehald og revisjon er lagt til stabseining Tryggleik.

Versjon	Godkjent dato	Godkjent av	Kort beskriving av kva som er endra
1.0	18.02.2022	Kommunestyret	Første versjon av dokumentet